



# Valldal Idrettslag

## Referat styremøte 22. august kl 19.30 – klubbhuset

Til stades:

Einar Hoel, Anders Rem, Trond Håvoll, Anne Nygård, Silje Grønning

Fotball v/Anett Steinnes

Ski v/Jan Ole Fuglem

Trim v/Andreas Håvoll

Friidrett v/Magne Eivind Glomnes

Forfall:

Disksport v/Richard Moen

Første vara: Odd Lennart Vikene

### Saker

#### 24/19 Informasjon frå grupper og styret

##### Fotball

Gjennomført Tine fotballskule, nedgang i deltakarar. Generelt færre påmeldte til gruppene i haust. Med tanke på neste sesong kan vi vurdere samarbeid med Geiranger og Eidsdal.

##### Trim

Fått på plass trimkassene. Det var ei utfordring på Hegguraksla der det var snø i starten av juli. Nokon har klaga på dårleg merking. Vekas tur har hatt lite deltaking.

##### Friidrett

Det vert cup kvar veke fram til 5. september. Det er Storfjordstemne i Eidsdal neste veke. Ikkje høyrd noko om Norddalsstafett enno.

##### Ski

Første ordinære skiskyttartrening i dag. Så blir det full køyr utover hausten. Mykje bra i gruppa.

##### Disksport

Arrangert Jemtegård open, Litt begrensa deltaking p.g.a. kollisjon med andre arrangement. Arrangement sponsa av Nord Vest revisjon.

##### Styret

Det har ikkje vore mykje styrearbeid. Møte i idrettsrådet i juni. Det skal etablerast eit nytt idrettsråd for Fjord kommune, som skal tre i kraft i 2020.

Vi har fått førespurnad frå Seafood TV om å få låne tidtakarutstyr. Det vart gitt tilbakemelding om at dei kunne få låne brikkene, men ikkje alt utstyret utan at det var med mannskap.



# Valldal Idrettslag

Det er tidlegare oppmoda til at salen på klubbhuset skal ha småbord og ikkje langbord når vaskarane kjem. Det kom forslag om at det kan tas eit bilde som vert hengt opp slik at dei som leiger kan sjå korleis det skal vere.

Problem med grasvekst på løpebana. Jan Ole skal ta på seg oppgåva med å sprøyte ein gong det er vindstille.

Spørsmål om tilgang og fordeling av garasjen. Skigruppa treng å lagre ein del utstyr. Fotball og ski tar eit samarbeidsmøte for å få dette i orden. I løpet av neste veke. Kanskje måndag. Dei kan kjøpe hyller og liknande for å få god utnytting av arealet.

Den lause leidninga som er i garasjen kan Alf reparere når han er ferdig med ferien. Einar tar kontakt med Alf.

Varer til idrettslaget vert ofte levert til Anett Steines eller Trond Håvoll. Det burde ha vore ein plass der sjåføren kunne sette varene frå seg. Unntatt Tine som krev at nokon signerer for mottak. Litt diskusjon fram og tilbake for å finne ei god løysing. Det beste vil vere at den som bestiller skal oppgi telefonnummer som sjåføren kan vende seg til når han skal levere.

Til orientering vil det kome eit informasjonsskilt frå Verdsarvstiftinga for plassering ved klubbhuset. Viser råser i området. Det vil ikkje koste noko for idrettslaget, men idrettslaget må finne ein stein på 140 x 40 cm og 30 cm djup. Einar har funne stein.

Styret bør få utkast til Statuttar for æresmedlem lagt fram på styremøtet 19. september.

Det vart vedtatt å bruke det systemet for dokumentlagring som Idrettsforbundet tilbyr. System for å kalle inn til trening mm: Jan Ole testar ut Spond.

## Eventuelt

**Det er spørsmål frå disksportgruppa om hovudlaget kan kjøpe kantslåer eller ryddesag. Styret vedtok å kjøpe. Den skal være disponibel for alle gruppene. Vil koste kr 7000 – 8000.**

## 25/19 Oppsummering av sommararrangement - kva med framtida?

- Mefjellet opp – NM motbakkeløp

Tidtaking fungerte godt, men ikkje back-up.  
Påmeldingsfrist bør være 4 dagar før løpet.  
Mykje arbeid med å pakke alle startnummer.  
Vi bør ha videokamera i målområdet.  
Økonomisk veldig bra.



# Valldal Idrettslag

Dugnadslistene kom litt seint.

Mange kom og meldte seg interessert i å være med å arbeide.

Sponsoringene og matsal gir overskotet.

Skal vi fortsette? Når skal det arrangerast?

Ønskje om same tidspunkt som 2019. To løp tett på kvarandre er slitsamt for dei som står i spissen for arrangementa.

Kollisjon med korpstemne neste år. Før vi avgjer dato må vi høyre med korpset om dei synes det er greitt. Einar tar kontakt med korpset.

- Olsok i Valldal, evaluering vedlagt

Vi bør redusere matsalet. Kanskje selje is og brus ved bordene. Alle arrangement bør være på området. Når folk trekk bort frå området kjem dei ikkje attende.

Forslaget om overskotsfordeling vart vedteken:

Fotball og ski får 25.000 kvar. Friidrett og disksport får kr 10.000 kvar, og Trim får kr 5000 .

- Kva med sommararrangement i komande år?

Det er forventning om at vi held fram. Det skal være et familiearrangement med aktivitetar for både barn og vaksne.

Vi har fått invitasjon til å reise til Batnfjordsøra for å få idear på korleis dei gjer det.

## **26/19 Medlemsstatus**

Det mange som framleis ikkje har betalt medlemskap, til tross for purring. Vi må ha ein kontroll på kven som er aktive for Valldal IL og skal vere medlemmar.

Einar delte ut medlemslister til gruppene.

Gruppene sa at det hadde vore fint å ha liste over dei som var med i fjor. Da kunne dei finne dei men som har falt ut.

Det var om lag 280 medlemmar i fjor mens det berre er rundt 250 i år. Gruppeleiarane følgjer opp om det er nokon som er aktive utan å ha betalt.

## **27/19 100 års jubileumsfest**

Fastsett til 23. november. Nokre avklaringar

- Kven skal inviterast særskild?
- Aldersgrense? Mat? Skjenkeløyve?
- Budsjett?
- Andre arrangement/aktivitetar i tilknytning jubileumsfesten?



# Valldal Idrettslag

Det er vald ei nemnd for arrangementet, ein frå kvar gruppe pluss nokre andre. Einar har oversikt og skal kalle inn nemnda.

Det skal vere ein open fest med påmelding.

Invitasjon til gode naboar frå omliggjande idrettslag (Eidsdal, Norddal, Liabygda, Stordal og Stranda), idrettskretsane, nokon frå disksporten (diskspport har ikkje idrettskrets), Ingrid Aufles, ordføraren, både ny og gamal. Gamle styreleiarar som lever.

Invitasjon med partner.

Aldersgrense 12 år og ikkje skjenkeløyve. Påmelding. Mat: kokken på Juvet. Trond Håvoll skal spørje. Kva med bilete som går over skjerm?

Tidlegare på dagen bør det vere arrangement for barn, 6 – 16 år. Laserskyting?

Forslag til andre arrangement i jubileumsveka?

Fotballgruppa – Anders Rem har Quiz for ungdomar på onsdag

Skigruppa har jubileumskafe/skikafe på torsdag,

Arrangement for eldre: formiddagsmat på klubbhuset – i samarbeid med frivilligsentralen

Dato for arrangementa vert lagt ut på facebook.

Budsjett: Inngangsbillett for de som ikkje er invitert. Ikkje utlodding denne gongen. Bør gå i null.